

Skodje kommune
Rådhuset
6260 Skodje

OSE AS
Vikegata 19 A, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

oseing.no

Dykkar ref.: 18/491

Vår ref.: P1528 Dato: 08.01.2019

Detaljplan GS Skodje kyrkje - Olmanngjerdet - merknadsvurdering etter varsel om oppstart av planarbeid

Detaljplan GS Skodje kyrkje - Olmanngjerdet vart etter vedtak i Det faste planutvalet 04.09.2018, sak 59/18, varsla oppstart av planarbeid i perioden 14.09.2018 - 15.10.2018. Det har kome inn 7 fråsegner til planen. Utdrag av desse med vurdering under:

Simengjerdet Velforening, datert 21.09.2018

Bebuarane i området Røane/Simengjerdet/Olmanngjerdet ønskjer å flytte postkassestativet til den «lille rundkøyning». Spørsmål om det krysset vil bli endra og om det er vanskeleg å sette nytt stativ der det er ønskeleg. Velforeningen er glade for arbeidet som er starta opp.

Vurdering:

Eit av måla med reguleringsplanen er å vurdere tilkomst til Røane/Simengjerdet/Olmanngjerdet. Postkassestativ bør ikkje flyttast før ein har avklart vegløyvingar/plassering av gang- og sykkelveg i området.

Nordre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 01.10.2018

Det meste av arealet i planen er i kommuneplanen sett av til LNF-L (areal sett av til landbruk). Plankartet for arealdelen syner at gang- og sykkelvegen skal gå på vestsida av Engesetdalsvegen. Kartutsnittet med avgrensing av planområdet syner at det går langt inn på dei dyrka areala aust for Engesetdalsvegen. Desse areala bør framleis vere LNF-L område, det bør ikkje omregulerast meir dyrka jord enn høgst nødvendig.

Vurdering:

Teke til vitande. Det blir lagt opp til å omdisponere minst mogleg dyrka jord.

NVE, datert 01.10.2018

Ved oppstart av planarbeidet blir det rådd til at følgjande rettleiarar og verktøy blir nytta:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. NVE legg til grunn av kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.

Vurdering:

Teke til vitande.

Statens vegvesen, datert 03.10.2018

Det blir føresett at regulering av vegar/vegløysingar - medrekna kryssløysingar og sideareal m.m. - på det offentlege vegnettet vert utforma og dimensjonert i samsvar med gjeldande vegnormalar med tilhøyrande retningsliner.

Vurdering:

Teke til vitande. Det har vore kontakt med Statens vegvesen for avklaring av vegstandard for fylkesvegen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 05.10.2018

Planområdet vert vurdert å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå både bronse- og jernalder skjult under markoverflata. Det blir difor stilt krav om arkeologisk

registrering - som må gjennomførast før den endelege reguleringsplanen kan eventuelt godkjennast.

Tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei arkeologisk registrering. Kulturavdelinga ber om skrifteleg aksept av vedlagt budsjett. Dette er eit maksimums budsjett, det kan tenkjast at registreringa tek kortare tid og då vil kostnadane bli tilsvarande mindre. Vesentlege uføresette tilhøve kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Det er aktuelt å sjakte med maskin i delar av planområdet, dette er ikkje inkludert i budsjett. Ved arbeid på og langs veg blir det synt til Statens vegvesen si Handbok N301 og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutinane kring arbeidsvarsling og risikovurdering. Maskinførar må ha bevis for gjennomført Arbeidsvarslingskurs 1 for arbeid på og ved veg.

Det blir rådd til registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om registreringa vert utsett til planen er på offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot vedtak av planen.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer tilhøvet til grunneigar, brukar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin blir det føresett at tiltakshavar klarerer tilhøvet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m.

Vurdering:

Teke til vitande. Det er gjennomført arkeologisk registrering, det vart ikkje gjort funn.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 11.10.2018

Det må gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone. Det skal knytast føresegn til omsynssonen. For reguleringsplanar av denne typen kan ROS-analysen ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga.

Vurdering:

Teke til vitande.

Storfjorden kyrkjelege fellelsråd, (SKF) datert 12.10.2018

SKF er glade for at det vert starta opp regulering for å sikre dei mjuke trafikantane mellom Skodje kyrkje og Olmanngjerdet. I Skodje kyrkje er det mange tilskipingar for barn og unge, og SKF er sjølv sagt opptekne av at dei skal kunne ferdast trygt til og frå kyrkja. Såleis ser også SKF fram til at det vert opparbeidd gang- og sykkelveg mellom kyrkja og Skodjevegen, slik det er teikna inn i reguleringsplanen frå 2003.

Framtidig kyrkjelydshus

Planområdet strekkjer seg delvis inn det området som er sett av til kyrkjelydshus i reguleringsplanen frå 2003. Soknerådet sin plan er å byggje dette huset noko lenger mot sør og vest, men det er ikkje avklart med antikvarisk mynde. Det er difor i SKF si interesse at reguleringsplanen gjer minst mogleg inngrep eller avgrensingar i det arealet som er regulert til kyrkjelydshus. Dette arealet er i dag opparbeidd som parkeringsplass.

Parkeringsplass

Planen skal vurdere behov for parkering. Ved så godt som alle gravferder i Skodje kyrkje, om lag 30 i året, vert parkeringsplassen rundt kyrkja fylt opp, og det vert parkert bilar langs vegen heilt frå Sjurgarden til Røane. Ein parkeringsplass innanfor planområdet vil heilt klart lette på denne mildt sagt kaotiske trafikksituasjonen. At parkeringsplassen også kan verte nytta som ei attraktiv utfartsparkering ser SKF på som eit godt døme på sambruk. For å løyse utfordringa med bilar parkert langs vegen, bør ny parkeringsplass vere for om lag 50 bilar. Sjølv ein parkeringsplass som er mindre enn dette vil likevel vere med på å lette trafikk- og parkeringssituasjonen.

Vurdering:

Det blir ikkje lagt opp til å endre gjeldande reguleringsplan for kyrkjelydshus, gang- og sykkelveg på vestsida av fv. 106 blir vidareført. Det blir ikkje lagt opp til ny parkeringsplass.

Konklusjon

Fråsegnene blir teke til vitande.

Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob. 974 89 987
Oseing.no

Vedlegg
Innkome merknadar